



FYLKESMANNEN
I ROGALAND

Deres ref.:

Vår dato: 11.04.2013

Vår ref.: 2013/2831

Arkivnr.: 433.0

Sven Jostein Kro
Østrem
4462 HOVSHERAD

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 56 88 11

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Løyve til planting av utanlandske treslag til juletreproduksjon, gnr/bnr 46/6 og 13, Østrem, Hovsherad, Lund

Fylkesmannen gjev løyve til planting av utanlandske tre til juletreproduksjon på kartfesta areal på eigedom 42/6 og 13 i Lund kommune for 10 år. Det er sett vilkår om at alle tre skal fellast innan 15 år etter planting. Dette løyvet er uavhengig og gjev ikkje føringar for handsaming etter anna lovverk. Det er til dømes naudsynt å ha løyve frå kommunen til omdisponering etter jordlova sine reglar når plantefelta er på dyrka jord.

Me viser til søknad, mottatt 14.03.2013. Du søker om løyve til å planta utanlandske tre til juletreproduksjon på eigdommen din på Østrem, Hovsherad i Lund kommune.

Heimel

Utsetting av utanlandske treslag krev godkjenning frå Fylkesmannen i samsvar med *forskrift om utsetting av utanlandske treslag til skogbruksformål (25.05.2012 nr 460)*, jf naturmangfaldlova kap IV.

Søknaden

Du søker om å planta ut fjelledelgran *Abies lasiocarpa* og normanssedelgran *Abies nordmanniana* på areal med kulturlandskap og eksisterande juletreproduksjon, innteikna på kart vedlagt søknaden. Totalt areal for heile produksjonen er 65 daa. Me gjer merksam på at forskrifta gjev høve til å handsama søknader om utplantingar over fleire år om gongen. Dei aktuelle areala er på eigedommane dine gnr. 42/6 og 13 i Lund kommune.

Fylkesmannen si vurdering

Føremålet med forskrifta er å hindra at planting av utanlandske treslag ikkje gjev uheldige konsekvensar for naturmangfaldet. Det er sentralt å sikra at forvaltingsmåla for naturtypar og artar ikkje blir trua av dei framande artane, direkte eller indirekte, jf. naturmangfaldlova §§4 og 5. Alle offentlege vedtak som kan ha verknader for naturmangfaldet skal vurderast etter naturmangfaldlova §§ 8 – 12. §8 sett krav om at vedtaket bygger på kjend kunnskap.

Fjelledelgran er vurdert til å ha *låg risiko* av Artsdatabanken, medan normanssedelgran enno ikkje har blitt risikovurdert. Det er ikkje verna område eller kjende artar i nærleiken som kan bli uheldig påverka av tilplantinga. Plantefelta legg beslag på areal som består av tidlegare kulturlandskap og plantefelt.

Me gjer merksam på at dette løyvet ikkje erstattar, eller gjev føringar for eventuelle behov for nye vedtak i kommunen om omdisponering av dyrka mark etter jordlova.

Ut frå føre-var-prinsippet (§9) er det viktig å sikra seg mot at plantefelta kjem ut av kontroll, som til dømes ved at trea ikkje når alder for frøspreiing. Rutinar for internkontroll må innarbeidast i verksemda.

Påverknad av økosystemet skal vurderast ut frå samla belastning som økosystemet er, eller blir utsett for (§10). I dette høvet kan me ikkje sjå at tiltaket legg beslag på, eller er ein vesentleg trussel mot stadeigne naturkvalitetar.

§11 legg ansvaret for eventuelle skader på naturmiljøet hjå tiltakshavaren. Kostnader ved å bøta på eventuelle skader, eller å førebygga skader skal dekkast av tiltakshavar, så langt tiltaka er innanfor rimelege grenser.

Driftsmetodar og teknikkar skal i utgangspunktet ta best mogleg omsyn til naturmiljøet, slik at resultatet gjev dei beste samfunnsmessige resultat (§12). Me har ikkje spesielle merknadar til dette i denne saka.

Me kan ikkje sjå at planting av dette treslaga vil vera til vesentleg skade for naturmangfaldet. Det aktuelle treslaga har ikkje stor risiko på svartelista, og det er ikkje registrert spesielle naturverdiar som kan bli trua av tiltaket på, eller umiddelbart ved sida av plantefelta. Det er likevel viktig å sikra seg mot eventuell frøsetting. Det er viktig å dokumentera rutinar for å hindra spreiring, og kven som har ansvar for å sikra hogst før frøsetting. Det er også viktig at dette dokumentet blir gjort kjend og overført samtidig som eventuelt eigarskifte til ny eigar.

Vedtak og vilkår

Fylkesmannen gjev med dette løyve til å setta ut fjelledelgran og normannsedelgran på avmerka område på kart vedlagt søknaden. Arealet er til saman 65 daa. Områda er på Østrem, Hovsherad i Lund kommune. Løyvet gjeld i ti år fram til år 2023.

Det blir sett som vilkår at alle tre som er omfatta av vedtaket skal fellast innan 15 år etter at dei vart planta. Eigaren av arealet er ansvarleg for felling. Vilkåret for dette løyvet skal gjerast kjend for ny eigar ved eventuelt eigarskifte.

Dette løyvet er utelukkande gitt på bakgrunn av risiko for spreiring av utanlandske tre, og er heilt uavhengig av handsaming etter anna lovverk. Det er til dømes naudsynt å ha løyve frå kommunen til omdisponering etter jordlova sine reglar når plantefelta er på dyrka jord.

Klage

Du kan klaga på vedtaket innan 3 veker etter du har mottatt dette brevet, jf forvaltningslova sine reglar. Ein eventuell klage skal sendast til Fylkesmannen i Rogaland. Dersom Fylkesmannen ikkje gjer om eige vedtak, skal klagen handsamast av Direktoratet for naturforvaltning.

Med helsing

Per Kristian Austbø
ass. fylkesmiljøvern sjef

Torborg Berge
råd gjevar

Dokumentet er godkjent elektronisk av Fylkesmannen i Rogaland og krev derfor ikkje signatur.

Saksbehandlar: Torborg Berge
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 39
E-post: fmrotbe@fylkesmannen.no

Kopi til:
Lund kommune Moiveien 9 4460 Moi